



## Statens vegvesen

Ing. Taule AS  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Karl Atle Taule

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/69992-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
19.06.2017

### Uttale – Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse – Garasje – Fv. 391 – Gnr. 196 bnr. 56 – Lindås kommune

Vi viser til søknad mottatt 18.05.2017.

#### Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggjegrænse langs fylkesveg 391 for oppføring av garasje på gnr. 196 bnr. 56 i Lindås kommune.

Eigedomen er avsett til bustadområde jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Arealet er også under regulering jf. framlegg til reguleringsplan for Hillesvåg.

#### Opplysning om saksgang:

Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggjegrænse langs veg, jf. *1. Generelle føresegner og retningslinjer. Pkt. 1.6.* Det er difor Lindås kommune som skal handsame denne søknaden. På bakgrunn av dette må du sende søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg over til Lindås kommune som rett mynde.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer vår uttale som du kan legge ved søknad om dispensasjon til Lindås kommune:

#### Uttale til handsaming etter plan- og bygningslova:

Byggjegrænse langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnett, arealbehov ved ei eventuelt utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Det er søkt om løyve til å opparbeide ny tilkomstveg og å oppføre garasje 5 meter frå vegmidte. Søknaden er grunngjeve med at tilkomsten til dagens garasje ligg i grensa til naboeigedomen og at ein må køyre tett forbi hovudinngangen til eigen bustad. Vi forstår


Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

søknaden slik at ein skal nytte eksisterande avkøyrslø. I søknaden er det synt til at frisikt i eigen avkøyrslø og avkøyrslø til Leiknes båthamn vert oppretthalde.



**Figur: Situasjonsskart**

Området er under regulering. Statens vegvesen har motsegn til framlegget av reguleringsplan for Hillesvåg, mellom anna på bakgrunn av at ein ynskjer å plassere varige konstruksjonar nærare enn 15 meter frå vegmidte.

Som de kjenner til så er det aktuelt med utbetring av fylkesvegen og etablering av tilbod til mjuke trafikantar på denne strekninga i samband med utbygging av området. Det vil difor vere svært uheldig å tillate nye tiltak som medfører at ei slik utbetring dyrare og meir komplisert.

I samband med flytting av garasjen er det relevant å vurdere om tilkomsttilhøva til eigedomen vert endra. Ein må som minimum sikre seg at det er tilstrekkeleg snu- og manøvreringsareal på eigedomen slik at ein unngår rygging ut på offentleg veg. Det er vist i søknaden at siktforholda er innanfor minstekravet dersom hekken vert flytta. Vi minner difor om at siktkravet berre er oppfylt når køyretøyet står vinkelrett på avkøyrslø. Eigar og brukar av ei avkøyrslø skal til ei kvar tid sørge for at siktforholda er tilstrekkelege.

På eigedomsgrensa mellom bnr. 31 og bnr. 56 står det ein mur. Vi vil rå til at denne vert fjerna og at det vert opparbeidd ei felles avkøyrslø for dei to eigedomane som er i samsvar med dagens krav. Ein oppnår då eit betre manøvreringsareal på eigedomen. På den måten vert også problemet med at tilkomstvegen kjem for nærare huset løyst.

**Sluttord:**

Statens vegvesen er kritisk til etablering av ny tilkomstveg og plassering av garasje 5 meter frå vegmidte som omsøkt. Vi viser til det pågåande reguleringsplanarbeidet og vi meiner at tiltaket bør avklarast i samband med dette. Det er uheldig at det vert fremja ei enkeltsak som kan gjere det vanskeleg å gjennomføre intensjonane i reguleringsplanen.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ